

Mangfaldsåret 2008

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
Tlf: 22 24 78 39 / 22 24 80 01
mangfold@kkd.dep.no
www.kultureltmangfold.no

Bente Møller, nasjonal koordinator
bente.moller@kkd.dep.no
Tlf: 22 24 78 84

Majoran Vivekananthan, rådgjevar
majoran.vivekananthan@kkd.dep.no
Tlf: 22 24 78 48

Ellen Stokland, rådgjevar
ellen.stokland@kkd.dep.no
Tlf: 22 24 78 96

Registrer program og strategiar på www.kultureltmangfold.no

Nettsida for Mangfaldsåret er det einaste samla oversynet over aktivitetar i heile landet i Mangfaldsåret. Aktørane registrerer sjølv programma sine med bilete og video på www.kultureltmangfold.no.

Alle aktørar vert oppmoda om å nytta logoen for kulturelt mangfold 2008. Denne kan lastast ned frå nettsidene.

Sekretariatet for Mangfaldsåret

Kultur- og kyrkjedepartementet har oppretta eit sekretariat som skal vera pådrivar, rådgjevar og koordinator for Mangfaldsåret. Sekretariatet har tre tilsette, og samarbeider med ei tverrdepartemental samarbeidsgruppe, eit nettverk av fylkeskontaktar og ei rådgjevande referansegruppe. Sekretariatet arbeider dessutan med strategiske tiltak for å tryggja langsiktige positive effektar av Mangfaldsåret.

Utgitt av:

Kultur- og kyrkjedepartementet
Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar av denne publikasjonen frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Oppgi publikasjonskode: V-0941 N

Denne faldaren ligg føre på
nynorsk, bokmål, samisk og engelsk

Design og prent: Departementenes servicesenter
01/2008

Illustrasjonar: Aleksandra Niemczyk

KULTURELT
MANGFALD
2008
www.kultureltmangfold.no

KULTURELT
MANGFALD
2008
www.kultureltmangfold.no

Mangfaldsåret

Frå og med 2008 skal heile kulturlivet i
Noreg spegla av kulturelt mangfold



KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET



Slik kan institusjonen din medverka:

- Iverksetja tiltak for å styrkja mangfald i personal- og styresamansetjing
- Laga programprofil som reflekterer befolkningssamansetjinga
- Arbeida for å nå nye publikumsgrupper
- Samarbeida med aktørar som har røynsler og kompetanse på mangfald

Kulturelt mangfald gjer Noreg større

Mangfaldsåret 2008

Regjeringa tilrådde i St.meld. nr. 17 (2005-2006) 2008 som markeringsår for kulturelt mangfald, noko Stortinget slutta seg til. Regjeringa ynskjer å ta eit samla grep om den statlege, regionale og lokale innsatsen for å fremja kulturelt mangfald som ein viktig dimensjon i kulturpolitikken.

Mangfaldsåret skal synleggjera og styrkja det mangfaldet som finst. Mangfaldsåret skal også stimulera til auka kunnskap og vurdning for kulturelt mangfald i institusjonar, media, politikken og i folket som heilskap.

Frå og med 2008 skal heile kulturlivet i Noreg spegla av kulturelt mangfald

Dette skal oppnåast mellom anna ved:

- nasjonal koordinering og lokal forankring av Mangfaldsåret
- langsiktige tiltak for fleirkulturell rekruttering, kvalifisering og leiing
- auka statstøtte til mangfaldsaktørar
- auka løyvingar til Norsk kulturråd
- statsstøtta kulturinstitusjonar vert bedne om å fokusera på mangfald

Noregs internasjonale plikter

Unesco slær fast at kulturelt mangfald er eit grunnleggjande særkjenne ved kulturarven og eit heilt naudsynt vilkår for fred og bærekraftig utvikling.

SN slær fast at menneske kan ha fleire og komplementære identitetar. Vidare treng ikkje land å velja mellom nasjonal einskap og kulturelt mangfald. Undersøkingar syner at dei to omsyna kan sameksistera og faktisk ofte gjer det.

Noreg har ratifisert Unescos konvensjonar om kulturelt mangfald, immatriell kulturarv og vern av kulturuttrykk. Mangfaldsåret 2008 følgjer opp Noregs internasjonale plikter og fell i hop med det europeiske året for interkulturell dialog.

Mangfaldsåret er for alle

I Mangfaldsåret vert det lagt vinn på samspelet mellom ulike miljø i majoritetsbefolkninga, urfolk, nasjonale minoritetar og innvandrarbefolkninga. Det norske er i endring, og vil halda fram med å endra seg i framtida.

2008 er kulturaktørane sitt år. Over heile landet vert det planlagt store og små aktivitetar og tiltak. Det vil verta avhalde konferansar, seminar, utstillingar, framsyningar, konsertar, kurs og festivalar med allsidig fokus på kulturelt mangfald.

Følg med på www.kultureltmangfold.no for å sjå kva som skjer der du bur.